

MØTEBOK

REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: Fredag 30.8.2019
Stad: Ål, Thon Hotel Hallingdal

Desse møtte frå Regionrådet:

Oddvar Grøthe, Hemsedal kommune
Solveig Vestenfor, Ål kommune
Petter Rukke, Hol kommune
Heidi Granli, Gol kommune
Kristin Gullingsrud, Flå kommune (sak 42 og 45)

Desse møtte frå administrasjonen

Knut Arne Gurigard, dagleg leiar
Linda Dalene Bjerke, prosjektleiar

Desse møtte frå Buskerud fylkeskommune:

Iselin Haugo, fylkeskontakt

Desse møtte frå rådmannsutvalet

Ole Johnny Stavn, Hol kommune
Karsten Popp Dideriksen, Ål kommune
Hege Mørk, Gol kommune
Jan Olav Helling, Hemsedal kommune
Odd Egil Stavn, Flå kommune (sak 42 og 45)

SAK 41/19 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 28.6.2019

Vedtak

Protokollen 28.6.2019 er godkjent.

SAK 42/19 SØKNAD OM FORPROSJEKT «TOPPIDRETTSREGION HALLINGDAL»

Jorunn Horgen, Olympiatoppen Sørøst var til stades ved handsaming av saka.

Vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal rår til at det blir løyvd tilskot med ei øvre ramme på kr. 300.000, til forprosjekt/prøveprosjekt der tilskot maksimalt skal utgjera 50% av kostnadane.
2. Tilskotet blir finansiert av attståande midlar frå partnerskapsavtala med Buskerud fylkeskommune
3. Regionrådet for Hallingdal ynskjer å ha med ein representant i styringsgruppa, dette blir avklart i regionrådsmøte 18.oktober 2019
4. Regionrådet for Hallingdal kan ikkje no forplikte seg til økonomisk deltaking utover forprosjekt/prøveprosjekt.

SAK 43/19 TILSKOT NORSK REISELIVSFAGSKOLE**Vedtak**

Regionrådet for Hallingdal løyver kr. 100.000 til etablering Norsk Reiselivsfagskole. Midlane blir teke frå det regionale næringsfondet.

SAK 44/19 TILOSKOT NÆRINGSFORUM HALLINGDAL

Saka vart utsett

SAK 45/19 STILLINGSENDRING FOR DAGLEG LEIAR I REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Dagleg leiar Knut Arne Gurigard fråtrede møtet under handsaminga av saka.

Vedtak

1. Regionrådet vil imøtekoma Knut Arne Gurigard sin søknad om å fråtre som dagleg leiar for å gå over i 50% stilling som seniorrådgjevar. Vilkår for ny stilling vert etter arbeidsavtale.
2. Stillinga sine hovudarbeidsoppgåver blir bestemt av ny daglig leiar.
3. Regionrådet startar prosess for å tilsette ny dagleg leiar.

SAK 46/19 EVENTUELT**Desentraliserte arbeidsplassar Viken- Statens hus**

Med bakgrunn i fellesnemnda i Viken sitt vedtak i sak 97/19 vedr. pilot desentraliserte arbeidsplassar og regjeringa sitt forslag om ny modell for «Statens Hus» i m.a. distriktsregionar, gjorde Regionrådet for Hallingdal slikt vedtak:

Vedtak

Regionrådet for Hallingdal ser svært positivt på vedtak i fellesnemnda i Viken vedr. tilleggsforslag sak 97/19, Nye arbeidsformer - piloter og caser, med desentraliserte arbeidsplasser, der Hallingdal er trekt fram som ein aktuell pilot. I vedtak står det og: *Fellesnemnda ber også det nye fylkesrådet gå i dialog med aktørene som har allerede har henvendt seg for å kunne være vertskap for slike arbeidsplasser.* Ut frå dette vil Regionrådet arbeide vidare med sine forslag om kontor for Viken. Regionrådet for Hallingdal ser forslag om etablering av «Statens Hus» i distrikta som svært interessant og vil setja i gang eit arbeid for å kartleggja mogelegheitene for eit «Statens Hus» i Hallingdal. I dette arbeidet vil det og bli sett på mogelegheitene for korleis eit «Statens Hus» og avd.kontor Viken i Hallingdal kan samordnast.

Hallingdal 3.9.2019

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar